

## Innspel til Arealplan – Lindås Kommune – Askvik

Det er med medvitne om at fristen for innspel til arealplan gjekk ut i september at eg no likevel ber om at dykk kan vurdere å ta med et forseinka innspel.

Eg forstår det slik at styringsgruppa vil ha sitt møte om saka først i januar 2019 – og ber såleis om at dykk vurdere å ta med forespørsel om følgande endring:

Henvendelsen gjeldt gard nr 236 / bruk nr 20 i Askvik.

Me ber om å få denne tomta omregulert frå LNFR til «Bustader», eventuelt til «LNFR 2 for spreidde bustader».

Årsaka til sein innmelding av innspel er at avgjerdsla om å overdra denne tomta frå underteikna til dotter Elin Askvik, og Elin si avgjerd om å villa etablera seg i Askvik, vart endeleg tatt til vurdering og avgjort i november i år.

Tomta det gjeld vart i si tid omregulert og frådelt hovudbruket Askvik (236/2) med føremål om bustad. Det vart ikkje sett opp bustad då.

Vegtilkomst/avkøyrsla vart utarbeid og utført av Vegvesenet og skulle såleis vera godkjend. Den er i seinare tid også utbetra i samråd med vegvesenet. Veg går heilt fram til tomtegrense.

Tomta vil verta overdregen frå underteikna ,Sigmund Askvik, til Elin S Askvik.



Sjå vedlagt for kart, og merk at hus/byggjeløyvnaad vill verta søkt om med særskilt formål om å tilpassa einebustad til naturen rundt, og med minst muleg innverknad på miljøet i alle ledd.

Medunderteiknar Elin S Askvik, ynskjer å omregulera tomten med formål om å byggja i området med slektsgard, og spesifikt på tomt som ikkje er tilknytt byggjefelt når det endå lar seg gjera. Eg ynskjer å sette opp ein einebustad med garasje, i minst muleg konflikt med naturen rundt - med miljøvennleg byggjemetode/materialar – størrelse ca. 250m2 (størrelse ikkje avgjord) Eg bur i dag på Ostereidet, men vil flytta herifrå då området og omgjevnaadane mine vil verta kraftig berørt om/når nye planar vert godkjent for veg/næringsområdet og nytt byggjefelt.

Sigmund Askvik

Elin S Askvik

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
05 DES 2018	
Ark. saksnr. 17/3013	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode



fb